

## STYRESAK

**GÅR TIL:** Styremedlemmer  
**FØRETAK:** Helse Vest RHF  
**DATO:** 25.04.2017  
**SAKSHANDSAMAR:** Hanne Løvereide Årstad  
**SAKA GJELD:** **Sal av eigedom i Solåsveien 5 a-c**

**ARKIVSAK:** 2017/389  
**STYRESAK:** **051/17**

**STYREMØTE:** **11.05. 2017**

.....

### FORSLAG TIL VEDTAK

1. Styret i Helse Vest RHF gir sin tilslutning til sal av bustadeigedomen Solåsveien 5 a-c, gnr. 21 bnr. 945 i Stavanger kommune.
2. Styret føreset at eigedomen blir lagt ut for sal på den opne marknaden.
3. Styret i Helse Vest RHF oversender spørsmålet om sal til føretaksmøtet for Helse Vest RHF med førespurnad om samtykke til sal, jf. helseføretakslova § 31.
4. Under føresetnad av at eigar på føretaksmøte i Helse Vest RHF gir sitt samtykke til sal, vert det gjennomført føretaksmøte i Helse Stavanger HF, for formelt å vedta salet.

## Oppsummering

Eigedomen i Solåsveien 5 a-c omfattar totalt 18 leilegheiter. Desse er nytta til tilsette. Behovet for å kunne tilby leilegheiter til tilsette er ikkje lenger stort. Helse Stavanger eig 75 leilegheiter og fleire av desse er pt ikkje leigd ut. I tillegg er ikkje bustadutleige innanfor helseføretaket si ordinære verksemd.

Helse Stavanger HF ønskjer derfor å selje eigedomen.

## Fakta

I styremøte 22. mars 2017 gjorde styret i Helse Stavanger ( sak29/17) vedtak om sal av eigedomen Solåsveien 5 a-c. Styret i Helse Stavanger gjorde følgjande vedtak:

1. *Styret gir sin tilslutning til salg av boligeiendommen Solåsveien 5 a-c i Stavanger.*
2. *Styret godkjenner prosessen med henblikk på salg kan startes med forbehold om endelig godkjenning i foretaksmøtet.*
3. *Saken oversendes Helse Vest RHF for videre behandling.*

Saksførelegget til denne styresaka er lagt ved.

### Om eigedomen

Eigedomen består av 12 små 2-roms leilegheiter på 28m<sup>2</sup> og 6 1-roms leilegheiter på 26m<sup>2</sup>. Det er totalt 18 leilegheiter. Alle leilegheitene har eige bad og kjøkken. Det er felles boder og vaskerom. Leilegheitene er frå 1960 talet.

Eigedomen er på ca. 1,4 mål og ligg sentralt i Stavanger.

Helse Stavanger har innhenta tilbod på meklaroppdrag. Prisvurderinga er frå meklarane som har vurdert eigedomen satt frå kr 20 millionar og opp til kr 31 millionar.

### Utleige

Leilegheitene er utleid til tilsette i Helse Stavanger HF. Frå juni 2016 er behovet for leilegheiter gått ned. Helse Stavanger HF leigde ut 76 % av leilegheitene i Solåsveien og Cecilie Tvedts gate i juni 2016. Pr. mars 2017 er kun 55 % av leilegheitene leigd ut. Det har tidlegare vore viktig med leilegheiter som del av rekruttering i føretaket. Dette behovet er ikkje lenger like aktuelt.

## Kommentarar

Etter helseføretakslova § 31 skal sal av fast eigedom avgjerast av føretaksmøtet i det einskilde helseføretaket, etter forslag frå styret. Før føretaksmøte i Helse Stavanger HF kan vedta sal av eigedomen må saka på grunn av eigedomen sin verdi( over NOK 10 mill.) først leggjast fram for føretaksmøte i Helse Vest RHF, jf. helseføretakslova § 31 og vedtektene § 11.

Med bakgrunn i at behovet for utleigeleilegheiter er redusert og at utleige ikkje er ein del av kjerneverksemda til helseføretaka står sal av eigedomen fram som ei god løysing.

Salet forventast å gi ei positiv resultateffekt for Helse Stavanger HF.

## Konklusjon

Administrerende direktør sluttar seg til dei vurderingar som er gjort av Helse Stavanger HF og tilrår at styret i Helse Vest RHF gir sin tilslutning til sal av eigedomen. Ein legg til grunn at eigedomen blir lagt ut for sal på den opne marknaden.

## Vedlegg:

1. Oversendingsbrev frå Helse Stavanger HF, dagsett 180417 - Salg av boligeiendom Solåsveien 5 a-c
2. Styresak 29/17 av 22.mars 2017 frå Helse Stavanger HF